

DRAKTSKIKKEN I NOREG har røter langt attende i tid og vidt utanfor landegrensene. I *Frå Versailles til Valdres – Ei drakthistorisk reise* fortel Magny Karlberg historia om folkedraktene i Valdres i lys av allmenn mote- og drakthistorie og kulturelle og samfunnmessige endringar frå mellomalderen og fram til 1860-talet. Karlberg tek for seg det rike samspelet mellom motedrakt og folkedrakt, impuls og tradisjon. Er dei lokale draktskikkane berre fortolkingar av den europeiske motedrakta, eller er dei sjølvstendige kulturelle ytringsformer? Er brodert rosesaum ein impuls frå den europeiske rokokkomoten, eller også ei folkeleg uttrykksform med lange tradisjonar i gamle norske folkedraktområde? Kva er tradisjon, og kva er impuls?

Boka har Valdres som geografisk utgangspunkt, men endringar og utvikling i den folkelege draktskikken i dette dalføret råkar likt også i andre tradisjonsområde. Slik bidreg boka til ei utvida forståing av draktskikken i heile Noreg. Ho er rikt illustrert med over 500 fotografi og illustrasjonar av klede og draktdelar, kunstbilete og demonstrasjonar av påkledning.

*Frå Versailles til Valdres – Ei drakthistorisk reise* er ei etterlengta bok – for allment interesserte og for dei som vil gå djupare inn i drakt- og tekstilhistoria. Praktverket er eit resultat av 40 års forskings- og dokumentasjonsarbeid og er eit viktig bidrag til fornya kunnskap om norsk drakthistorie.

MAGNY S. KARLBERG (f. 1942) kjem frå Øystre Slidre, der ho òg bur. Ho har heile livet hatt stor interesse for folkelege drakttradisjonar, og har mellom anna rekonstruert bringeklutdrakta frå Øvre Valdres. Ho har studert drakt- og tekstilvitskap, og var frå 1980 til 2006 direktør i Bunad- og folkedraktrådet.



MAGNY  
KARLBERG

# FRÅ VERSAILLES TIL VALDRES



MAGNY KARLBERG

## FRÅ VERSAILLES TIL VALDRES

*Ei drakthistorisk reise*

